

Saksbehandlar: Helle Selseng  
Sak nr.: 19/22-11

## Høring - Politisk reglement for Sogndal kommune

### Kommunalsjefen rår komitè for samfunnsutvikling til å gjere slikt vedtak:

1. Komitè for samfunnsutvikling gir uttale om og sitt syn på kva for arbeidsområde dei har ynskje om og det er teneleg at dei jobbar med.

### Kommunalsjefen rår komitè for levekår til å gjere slikt vedtak:

1. Komitè for levekår gir uttale om og sitt syn på kva for arbeidsområde dei har ynskje om og det er teneleg at dei jobbar med.

### Kommunalsjefen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Plan- og forvaltningsutvalet gir uttale om og sitt syn på kva for arbeidsområde dei har ynskje om og det er teneleg at dei jobbar med.

### Vedlegg:

1. *Politisk reglement Sogndal kommune*

### Andre relevante dokument i saka:

Sak: **106/20**

*Vedlegg 1 til politisk reglement*

*Vedlegg 2 til politisk reglement*

*Utkast til administrativt delegeringsreglement*

---

## SAKSFRAMSTILLING

I tida før 1. januar 2020, når nye Sogndal kommune vart etablert, vart det jobba med ulike reglement og vedtak som måtte vere på plass til årsskifte. Herunder vart det laga til og vedteke reglement om politisk organisering og politisk delegeringsreglement i høvesvis oktober og november 2019:

*Sak 6/19, møtedato 03.10.2019 – politisk reglement.*

*Vedtak reglement for politisk organisering Sogndal kommune.*

*Sak 20/19, møtedato 21.11.2019 – politisk delegeringsreglement.*

*Vedtak reglement delegering frå kommunestyre til rådmann.*

Det vart vedteke at reglementa skulle evaluerast og evt. endrast i løpet av 2020. Den politiske handsaming av ulike saker i 2020 har òg vist at det har vore behov for ei generell revidering av reglementet.

Sak om nytt politisk reglement vart lagt fram for kommunestyret 10.des. 2020. Kommunestyret gjorde fylgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at det kan gjennomførast fjernmøte for alle politiske organ, jmf. kommunelova 11-7.
2. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe bestående av gruppeleiarane som skal kome med tilråding til nytt politisk reglement.
3. Vedteke politisk reglement vert vidareført med endringa i punkt 1.

I samband med punkt 2 i vedtaket har arbeidsgruppa bestemt at reglementet med innhald skal på høyring til kvar av komiteane.

Problemstillinga dei ulike komiteane skal ta stilling til og gi uttale om er:

Den politiske organiseringa i Sogndal kommune er bygd opp av fleire råd og utval. Rådmannen tilrår at ein endrar komiteane til utval slik at dette er i samsvar med ny kommunelov. I framlegget til politisk reglement er det ikkje eintydig definert kva som er ansvarsområdet til utvala. Det er lagt til ordføraren å avgjere kvar ulike saker skal handsamast.

Døme på saker og tema som kan ligge til dei ulike utvala og som det er behov for uttale om:

#### **Utval for samfunnsutvikling – uttale og innstilling i saker om:**

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Samferdsel
- Bustad
- Kommunale eigedomar, bygging og utvikling
- Miljø saker
- Kommunedelplanar innanfor samfunnsutvikling
- Samordning av samfunnsplan og arealplan
- Samferdselrelaterte problemstillingar, knytt til vegar og infrastruktur, kollektivtrafikk og rutetilbod, regionale problemstillingar m.v
- Kommunale eigedomar; planlegging, bygging og utvikling
- Kultur
- Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Integrering

#### **Forslag til vedtak i saker:**

- Tilskot til kulturformål
- Stadnamnlova: Vedta skrivemåten av namn på kommunale vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg mv.
- Hundelova, § 9: Fatte vedtak om unntak frå sikringsreglane
- Friluftslova, §§ 2, 15 og 16: Treffe vedtak om å regulere eller forby ferdsl i bestemte område, med samtykke frå eigaren eller brukaren
- Forureiningslova § 73: Fastsette tvangsmulkt som eingongsbeløp eller pr. dag
- Folkebiblioteklova, § 4: Fastsette reglement for folkebiblioteket
- Film- og videogramlova, § 2: Gje løyve og fastsette vilkår for løyve til framsyning av film i næring
- Viltlov: Oppgåver og mynde

#### **Utval for levkår – uttale og innstilling i saker om:**

- Sosialteneste
- Psykisk helse og rus
- Helse- og omsorgstenester
- Barnehage
- Grunnskule
- Barnevern
- Barne- og ungdomstiltak

#### **Forslag til vedtak i saker:**

- Alkohollova, § 1-9: Kontroll med sals- og skjenkeløyve, jf. alkoholforskrifta av 08.06.2005
- § 1-8 : Inndraging av sals- og skjenkeløyve
- Tildele skjenkeløyve i samsvar med kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer og i samsvar med alkohollova sine føresegner
- Fungere som kontrollutval for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk i samsvar med alkohollova sine føresegner og i samsvar med kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.

**Plan og forvaltningsutval – innstilling og uttale i saker om:**

- kommuneplanen sin arealdel, også innsigelsar til arealplanar i nabokommunar
- reguleringsplanar
- Overordna planar som inneheld arealdel og samfunnsdel
- Oreigning
- Høyringsarbeid
- Landbrukssaker og jordbrukssaker
- Konesjon
- Gebyrhandsaming
- Mulkt

**Forslag til vedtak i saker:**

- handsame og vedta mindre endringar i reguleringsplanar/dispensasjonar, jf. plan- og bygningslova §§ 12-12 og 12- 14.
  - vedta utbyggingsplanar
  - Handsame klager på avslag om dispensasjonar m.v. Dersom tidlegare vedtak blir stadfesta, blir saka sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd
  - Handsame klager på avslag om reguleringsplanar. Dersom tidlegare vedtak blir stadfesta, blir saka sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd
  - Mynde til å fatte vedtak om deling av landbrukseigedom, jf jordlova §12
  - Mynde til å gi konsesjon for sal/ervert av landbrukseigedom etter konsesjonslova
  - Mynde til å gi dispensasjon frå buplikt, etter konsesjonslova §5 og odelslova §27
  - Klagehandsaming i alle saker etter særlov som ikkje er lagt til anna organ (klageutvalet)
  - Avgjere namn på vegar
  - Veglov, § 5: Ta opp privat veg som kommunal veg
- §§ 7 og 8: Uttale til, og vedtak om, omklassifisering/nedlegging av fylkeskommunal/kommunal veg